DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 9 L

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av tiltak i forslaget til statsbudsjett for 2027 m.m.)

Innhald

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen 5

2 Auka eigenandel for stønad til båretransport – folketrygdlova § 7-3 6
2.1 Bakgrunn og gjeldande rett 6
2.2 Departementet sine vurderingar ... 6
2.3 Økonomiske og administrative konsekvensar 6

3 Presisering av fastsetting av sjukepengegrunnlaget til arbeidstakarar – folketrygdlova § 8-28 7
3.1 Bakgrunn 7
3.2 Gjeldande rett 7
3.3 Departementet sine vurderingar ... 8
3.4 Økonomiske og administrative konsekvensar 9

4 Sjukepengar til uføre skal ikkje overstige fastsett inntekt etter uførleik – folketrygdlova § 8-50 10
4.1 Bakgrunn og gjeldande rett 10
4.1.1 Fribeløpet i uføretrygda 10
4.1.2 Uføretrygd og sjukepengar 10
4.1.3 Konsekvensar for sjukepengar av auka fribeløp 11
4.2 Høyringsnotatet 12
4.3 Høyringsinstansane sitt syn 13
4.4 Departementet sine vurderingar ... 14
4.5 Økonomiske og administrative konsekvensar 17

5 Utvida rett til omsorgspengar skal kunne avgrensast i tid – folketrygdlova § 9-5 18
5.1 Bakgrunn 18
5.2 Gjeldande rett 18
5.3 Høyringsnotatet 18
5.4 Høyringsinstansane sitt syn 19
5.5 Departementet sine vurderingar ... 20
5.6 Økonomiske og administrative konsekvensar 21

6 Justering av føresegna om opplæringspengar i tråd med dagens praksis – folketrygdlova § 9-14 22
6.1 Bakgrunn og gjeldande rett 22
6.2 Høyringa 22
6.3 Departementet sine vurderingar ... 22
6.3.1 Vilkår knytte til tenestene 22
6.3.2 Vilkår knytt til rettssubjektet for rett til opplæringspengar 23
6.4 Økonomiske og administrative konsekvensar 23

7 Andre forslag til lovendringar 24
7.1 Presisering i lov om pensjonsordning for oppdragstaker i beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem 24
7.2 Endring i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse 24

8 Forholdet til internasjonale forpliktingar 25

9 Merknader til dei enkelte paragrafane 26
9.1 Endringane i lov om folketrygd 26
9.2 Endringane i lov om pensjonsordning for oppdragstaker i beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem 26
9.3 Endringane i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse 26
9.4 Føresegna om ikraftsetting 27

Forslag til lov om endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av tiltak i forslaget til statsbudsjett for 2027 m.m.) 28

DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 9 L

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av tiltak i forslaget til statsbudsjett for 2027 m.m.)

Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet 6. november 2026, godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Arbeids- og inkluderingsdepartementet, i samråd med Barne- og familiedepartementet, legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i dei følgande lovene:

- Lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd
- Lov 12. februar 2010 nr. 4 om pensjonsordning for oppdragstaker i beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem
- Lov 25. juni 2010 nr. 28 om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse

Det blir foreslått å endre folketrygdlova § 7-3 slik at eigenandelen ved stønad til båretransport blir auka frå 10 til 20 prosent av full gravferdsstønad. Dette forslaget følger opp tiltak som er fremma i forslag til statsbudsjettet for 2027.

Som ei oppfølging av at fribeløpet for uføretrygda er auka til eitt grunnbeløp (1 G), blir det foreslått ei endring i folketrygdlova § 8-50 for å avgrense sjukepengegrunnlaget til mottakarar av uføretrygd til fastsett inntekt etter uførleik. Formålet er å gjere det meir attraktivt å få fastsett riktig uføregrad og å hindre at staten kompenserer inntektstap to gonger. Dette forslaget følger også opp tiltak som er fremma i forslag til statsbudsjettet for 2027. Forslaget får også verknad for ytingar etter folketrygdlova kapittel 9 og 14.

Det blir også foreslått ei endring i folketrygdlova § 9-5 som inneber at Arbeids- og velferdsetaten får ein klar heimel til å tidsavgrense vedtak om utvida rett til omsorgspengar dersom det ikkje er venta at vilkåra vil vere oppfylte til og med det kalenderåret barnet fyller 18 år. Føresegna om opplæringspengar i folketrygdlova § 9-14 blir også justert, slik at ordlyden svarer til praksis i Arbeids- og velferdsetaten i dag.

Dei andre forslaga gjeld rettingar, presiseringar og endringar av teknisk karakter.

2 Auka eigenandel for stønad til båretransport – folketrygdlova § 7-3

2.1 Bakgrunn og gjeldande rett

Stønad til båretransport blir ytt for å dekke nødvendige utgifter til transport av båre dersom båra med den avdøde må transporterast lenger enn 20 km frå dødsstaden til nærmaste naturlege gravplass ved bustaden, inkludert transport i samband med kremasjon.

Det blir gjort frådrag for ein eigenandel på 10 prosent av full gravferdsstønad. Satsen for gravferdsstønad blir fastsett av Stortinget gjennom dei årlege budsjettvedtaka og utgjer frå 1. januar 2026 maksimalt 30 898 kroner.

Ved dødsfall under opphald utanfor landet kan det i visse tilfelle ytast stønad etter særskilde reglar.

2.2 Departementet sine vurderingar

Utgiftene til stønad til båretransport har auka mykje dei siste åra, og meir enn det som kan forklarast av utviklinga i talet på dødsfall og endra transportbehov. For å dempe veksten i utgiftene, foreslår departementet å auke eigenandelen til 20 prosent av full gravferdsstønad. Eigenandelen utgjer 3 090 kroner med gjeldande regelverk, og vil auke til 7 400 kroner med forslaget. Sjå under om auka sats for gravferdsstønad.

Etter utgreiingsinstruksen punkt 3-3 sjette ledd kan ein unnlate å høyre forslag som gjeld statsbudsjettet, fordi dei kan vere unntatte frå offentlegheit etter offentleglova § 22. Dette forslaget har derfor ikkje vore på høyring.

Departementet foreslår samtidig i budsjettet for 2027 å auke satsen for behovsprøvd gravferdsstønad. Dette vil føre til at dei som får stønad frå begge ordningane, kjem likt eller betre ut med endringane som er foreslåtte. I tillegg vil dette styrke den behovsprøvde ordninga for dei som har kortare transportavstandar og derfor ikkje oppfyller vilkåret for stønad til båretransport. Departementet har derfor i Prop. 1 S (2026–2027) foreslått å auke satsen for den behovsprøvde gravferdsstønaden frå maksimalt 30 898 kroner til maksimalt 37 000 kroner frå 1. januar 2027.

Departementet har starta opp ein heilskapleg gjennomgang av ordninga med stønad til båretransport. Formålet er å sikre at ordninga gir gode insentiv i gravferdsnæringa, effektiv ressursbruk og føreseielege utgifter for etterlatne og for folketrygda. Departementet vil komme tilbake til Stortinget med eventuelle forslag til endringar når dette arbeidet er ferdig.

Departementet foreslår at endringa skal gjelde frå 1. januar 2027. Endringa skal ha verknad for tilfelle der dødsfallet skjer etter endringa tar til å gjelde.

Sjå forslaget til endring i folketrygdlova § 7-3.

2.3 Økonomiske og administrative konsekvensar

Auka sats for eigenandel i stønad til båretransport vil redusere talet på mottakarar av ordninga med om lag 1 200 personar, og gjennomsnittleg stønadsbeløp per mottakar vil bli redusert med drygt 4 000 kroner. For stønad til båretransport er det for året 2027 anslått at talet på mottakarar blir 23 532, med eit gjennomsnittleg stønadsbeløp per mottakar på 12 446 kroner. Dette gir eit utgiftsanslag på 293 mill. kroner, som er om lag 120 mill. kroner lågare enn anslaget med ei vidareføring av gjeldande regelverk.

Som det går fram av Prop. 1 S (2026–2027), vil auka sats for behovsprøvd gravferdsstønad auke talet på mottakarar med om lag 600 personar, og gjennomsnittleg stønadsbeløp per mottakar vil auke med drygt 4 000 kroner. For gravferdsstønad er det for året 2027 anslått 4 493 mottakarar, med gjennomsnittleg beløp per mottakar på 28 661 kroner. Dette gir eit utgiftsanslag på 129 mill. kroner, som er om lag 33 mill. kroner høgare enn anslaget med ei vidareføring av gjeldande regelverk.

Samla budsjetteffekt av begge tiltaka er anslått til ei netto innsparing på 87 mill. kroner.

3 Presisering av fastsetting av sjukepengegrunnlaget til arbeidstakarar – folketrygdlova § 8-28

3.1 Bakgrunn

Sjukepengegrunnlaget til arbeidstakarar skal fastsettast ut frå ei berekna aktuell månadsinntekt som blir rekna om til årsinntekt, sjå folketrygdlova §§ 8-28 til 8-30. Ved berekninga av den aktuelle månadsinntekta skal gjennomsnittleg inntekt som blir rapportert til a-ordninga etter a-opplysningslova i ein nærmare bestemt berekningsperiode nyttast.

Det har vore stilt spørsmål ved korleis reglane i folketrygdlova § 8-28 skal tolkast. Arbeids- og velferdsetaten praktiserer regelverket slik at hovudregelen om at sjukepengegrunnlaget skal fastsettast som gjennomsnittet av rapportert inntekt til a-ordninga dei tre siste månadene berre er eit utgangspunkt, og at det i alle saker er nødvendig med opplysningar frå arbeidsgivaren for å kunne vurdere om ein skal bruke ein av unntaksreglane i føresegna. Dette er nødvendig for å fastsette eit rett sjukepengegrunnlag. Departementet ønsker å lovfeste at når ein skal berekne sjukepengar til arbeidstakarar, skal ein ta utgangspunkt i opplysningar frå a-ordninga, men at ein kan fråvike dette utgangspunktet dersom forholda tilseier det. Målet er å fastsette eit sjukepengegrunnlag som svarer til det medlemmen har tapt i inntekt.

3.2 Gjeldande rett

Fastsetting av sjukepengegrunnlag til arbeidstakarar er regulert i folketrygdlova §§ 8-28 til 8-30.

Paragraf 8-28 andre til femte ledd lyder:

> «Den aktuelle månedsinntekten skal beregnes etter den gjennomsnittlige arbeidsinntekten som arbeidstakeren har hatt i arbeidsforholdet og som rapporteres til a-ordningen etter reglene i a-opplysningsloven i en nærmere bestemt periode før han eller hun ble arbeidsufør (beregningsperioden).
>
> Beregningsperioden fastsettes slik:
>
> a. De tre siste kalendermånedene før arbeidstakeren ble arbeidsufør legges til grunn.
> b. I et arbeidsforhold som har vart så kort tid at det ikke er rapportert inntekt til a-ordningen for tre hele kalendermåneder, skal dette kortere tidsrommet legges til grunn.
> c. I et arbeidsforhold der arbeidstakeren har fått varig lønnsendring i løpet av eller etter beregningsperioden, men før arbeidsuførhetstidspunktet, skal tidsrommet etter lønnsendringen legges til grunn.
>
> Lovlig fravær uten lønn skal holdes utenfor beregningsperioden. Dersom arbeidstakeren har hatt lovlig fravær i beregningsperioden, skal det fastsettes en inntekt i fraværsperioden som tilsvarer den inntekten arbeidstakeren ville ha hatt dersom han eller hun ikke hadde vært borte fra arbeidet.
>
> Dersom rapporteringen til a-ordningen er mangelfull eller uriktig, fastsettes sykepengegrunnlaget ut fra den inntekten arbeidsgiver skulle ha rapportert til a-ordningen i beregningsperioden.»

Av føresegna følger det at sjukepengegrunnlaget skal fastsettast ut frå ei aktuell månadsinntekt berekna etter rapportert inntekt etter a-opplysningslova i ein gitt berekningsperiode, jf. § 8-28 andre ledd. Hovudregelen om kva berekningsperiode som skal nyttast kjem fram av tredje ledd bokstav a. Det er den gjennomsnittlege inntekta som er rapportert for dei tre siste månadene som skal leggast til grunn. Dersom arbeidstakaren har fått eit nytt arbeidsforhold eller har hatt ei varig lønnsendring i løpet av eller etter berekningsperioden, men før arbeidsuføretidspunktet, skal det bli berekna ei aktuell månadsinntekt ut frå ein berekningsperiode som spring frå tidspunktet for endringa og fram til arbeidsuføretidspunktet, sjå § 8-28 tredje ledd bokstav b og c. Ved lovleg fråvær utan lønn i berekningsperioden (eksempelvis ferie) skal den aktuelle månadsinntekta fastsettast ut frå kva inntekta ville ha vore utan fråværet, sjå § 8-28 fjerde ledd. Dersom rapporteringa til a-ordninga er mangelfull eller uriktig, skal sjukepengegrunnlaget i arbeidsgivarperioden fastsettast til den inntekta arbeidsgivaren skulle ha rapportert

til a-ordninga i berekningsperioden, sjå § 8-28 femte ledd.

Kva inntektstypar som skal vere med i berekningsgrunnlaget følger av folketrygdlova § 8-29. Inntektstypane skal rapporterast til a-ordninga. Inntektstypane skal berre vere med i berekningsgrunnlaget dersom dei fell bort under sjukdom. Enkelte inntektstypar, eksempelvis bonus og naturalytingar (telefon, bil osb.), fell ikkje alltid bort ved sjukdom. Arbeids- og velferdsetaten må ha opplysningar om dette i kvar enkelt sak for å kunne fastsette eit korrekt sjukepengegrunnlag.

Av forarbeida til føresegnene kjem det mellom anna fram følgande i Prop. 37 L (2016–2017) *Endringer i folketrygdloven (endret fastsetting av grunnlaget for sykepenger, foreldrepenger og pleiepenger mv.)* i punkt 7.4 side 29:

> «I dag dekkes informasjonsbehovet som Arbeids- og velferdsetaten har ved behandling av sykepengesaker blant annet fra Arbeidsgiver- og arbeidstakerregisteret (Aa-registeret), Pensjonsfaglig Opptjeningsregister (POPP) og fra inntektsopplysningsskjema fra arbeidsgiver. I tillegg gir arbeidstaker en del opplysninger på kravskjemaet for sykepenger, del D. Det er et mål at ytelsesforvaltningen skal anvende opplysninger fra mest mulig sikre kilder og i størst mulig grad gjenbruke fellesoffentlige løsninger. Det er derfor et ønske å benytte a-ordningen som kilde til opplysninger om inntekts- og arbeidsforhold i forbindelse med behandling av sykepengesaker.
>
> Behandling av en sykepengesak krever imidlertid saksspesifikk informasjon som ikke finnes i a-ordningen. Arbeids- og velferdsetaten vil ha behov for informasjon om arbeidsgivers beregning av sykepengegrunnlaget etter §§ 8-28 og 8-29 som grunnlag for fastsetting av sykepengegrunnlaget i trygdeperioden. Det er flere grunner til dette. Arbeidsgiver vil ha flere ferske opplysninger enn Arbeids- og velferdsetaten som kan ha betydning for beregningen. Arbeidsgiver er den som kjenner til endringer som har skjedd tett opp til skjæringstidspunktet, for eksempel om det har vært lovlig fravær uten lønn i beregningsperioden og om det er rapportert feil inntekt til a-ordningen som senere er korrigert. Arbeidsgiver vil vite om bonus faller bort og skal medregnes i sykepengegrunnlaget, likeledes om naturalytelse faller bort eller ikke. Dessuten må arbeidsgiver som forskutterer sykepenger uansett sette fram krav om refusjon. […]
>
> Arbeids- og velferdsetatens behov for saksspesifikke opplysninger utover det som er tilgjengelig i a-ordningen, reiser spørsmålet om hvor og hvordan etaten skal få tilgang til disse nødvendige opplysningene. Departementet har vurdert at det ikke er hensiktsmessig å utvide a-ordningen med alle de typer saksspesifikke opplysninger som etaten trenger for å behandle en sykepengesak. En slik løsning ville etter departementets syn stride mot intensjonene med a-ordningen og medført et betydelig merarbeid for arbeidsgivere som måtte ha rapportert detaljerte opplysninger om arbeidstakernes arbeids- og inntektssituasjon hver eneste måned i tilfelle sykefravær. Dette er et syn som støttes av høringsinstansene.
>
> Ettersom a-ordningen ikke fullstendig dekker Arbeids- og velferdsetatens informasjonsbehov og det ikke vurderes som hensiktsmessig å utvide omfanget av rapporteringspliktige opplysninger til a-ordningen, vil etatens informasjonsbehov måtte dekkes på andre måter.»

Det følger av folketrygdlova § 9-8, § 9-9, § 9-15, § 14-4 og § 14-7 at ytingar gitte etter folketrygdlova kapittel 9 og 14 skal bereknast etter dei same reglane som for sjukepengar. Desse kapitla gjeld stønad ved barn og nærståande sin sjukdom og ytingar ved svangerskap, fødsel og adopsjon.

3.3 Departementet sine vurderingar

På bakgrunn av at Arbeids- og velferdsetaten ikkje har dei nødvendige opplysningane for å kunne vurdere om ein av unntaksreglane for berekningsperioden skal gjelde, om det har vore lovleg fråvær utan lønn i berekningsperioden, mangelfull eller feil rapportering til a-ordninga eller om eventuelle naturalytingar eller bonus m.m. fell bort under sjukefråværet, innhentar etaten i dag opplysningar om inntekt frå arbeidsgivaren i alle saker. Arbeidsgivaren er den som har opplysningar om kva for slags inntekter og kva berekningsperiode m.m. som skal leggast til grunn. Opplysningar frå arbeidsgivaren er derfor heilt nødvendige for å kunne fastsette riktig sjukepengegrunnlag.

Departementet foreslår ei endring i ordlyden for å klargjere at opplysningane som blir lagde til grunn ved berekninga av aktuell månadsinntekt etter § 8-28, i utgangspunktet skal hentast frå a-ordninga. Opplysningar frå arbeidsgivaren kan føre til at dette utgangspunktet må fråvikast. Dette gjeld mellom anna i saker der unntaksreglane i

§ 8-28 fjerde eller femte ledd blir brukte og der enkelte inntektstypar ikkje skal vere med i grunnlaget etter § 8-29.

Departementet foreslår at det går fram av § 8-28 andre ledd at den aktuelle månadsinntekta *i utgangspunktet* skal bereknast etter den gjennomsnittlege arbeidsinntekta som arbeidstakaren har hatt i arbeidsforholdet og som blir rapportert til a-ordninga etter a-opplysningslova i ein nærmare bestemt periode før han eller ho blei arbeidsufør (berekningsperioden). Dette er i tråd med den praksisen Arbeids- og velferdsetaten har no.

Departementet foreslår at endringa tar til å gjelde straks.

Forslaget inneber ikkje noka realitetsendring, og har derfor ikkje vore på høyring, sidan høyring da blir rekna som «åpenbart unødvendig», jf. utgreiingsinstruksen punkt 3-3 tredje ledd tredje strekpunkt.

Sjå forslaget til endring i folketrygdlova § 8-28 andre ledd.

3.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringa er ei lovteknisk justering for å bringe ordlyden i lova i tråd med gjeldande praksis og vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

4 Sjukepengar til uføre skal ikkje overstige fastsett inntekt etter uførleik – folketrygdlova § 8-50

4.1 Bakgrunn og gjeldande rett

4.1.1 Fribeløpet i uføretrygda

Frå 2026 kan uføre tene opp til 1 G utan reduksjon i uføretrygda. Denne auken i fribeløpet får konsekvensar for andre ytingar og tenester frå det offentlege, mellom anna for moglegheita til å få uføretrygd og sjukepengar samtidig. Endringa gjer det også økonomisk meir fordelaktig dersom uføregraden blir sett høgare enn arbeidsevna tilseier, ettersom ein kan ha ei ikkje ubetydeleg arbeidsinntekt utan avkorting i uføretrygda.

Personar som kombinerer uføretrygd med arbeid og tener meir enn 0,5 G, har rett til sjukepengar etter vanlege reglar. Auka fribeløp inneber at uføre kan kombinere uavkorta uføretrygd og arbeidsinntekt opp til 1 G. Per 1. mai 2026 er 1 G 136 549 kroner. Det fører samtidig til auka moglegheit til å få uavkorta uføretrygd og sjukepengar samtidig, for den same tapte inntektsevna. Dette gjer det meir attraktivt å få full uføretrygd og mindre attraktivt å få fastsett gradert uføretrygd med riktig uføregrad.

4.1.2 Uføretrygd og sjukepengar

Formålet med uføretrygd er å sikre inntekt for personar som har fått inntektsevna varig nedsett på grunn av sjukdom, skade eller lyte.

Når ein person får innvilga uføretrygd, blir det fastsett ein uføregrad som svarer til den delen av inntektsevna som er tapt, sjå folketrygdlova § 12-10 første ledd. Uføregraden blir fastsett ved å samanlikne inntektsevna før og etter uførleik. Personar som ikkje har noka restarbeidsevne, skal få innvilga full uføretrygd. Personar som har restarbeidsevne, skal få gradert uføretrygd, og uføregraden skal svare til den delen av inntektsevna som er tapt. I praksis blir det gjort ei konkret vurdering av om ein person har restarbeidsevne, og i tilfelle kor mykje. I mange tilfelle er restarbeidsevna i praksis vanskeleg å fastsette, og vurderinga inneheld stor grad av skjønn.

Inntekt før uførleik blir fastsett til den normale årsinntekta i full stilling før personen blei sjuk m.m. (uføretidspunktet), sjå § 12-9 første ledd.

Inntekt etter uførleik blir fastsett til den inntekta mottakaren av uføretrygd er venta å kunne skaffe seg ved å utnytte restarbeidsevna si, sjå § 12-9 tredje ledd.

Helsetilstanden og arbeids- og inntektsevna kan endre seg etter at uføregraden er fastsett – til det betre eller til det verre. Den uføregraden som er fastsett står ved lag om ikkje det blir fatta nytt vedtak. Dette gjeld sjølv om inntekta blir endra og den uføre har arbeidsinntekt ut over inntekt etter uførleik.

Reglane om reduksjon av uføretrygd på grunn av inntekt følger av § 12-14. Når ein person får innvilga uføretrygd, blir det fastsett eit botnfrådrag som svarer til inntekt etter uførleik pluss eit fribeløp. Tidlegare utgjorde fribeløpet 0,4 G per kalenderår. Med verknad frå 1. januar 2026 er dette endra. Dei første 24 månadene etter verknadstidspunktet for uføretrygd, eller etter verknadstidspunktet for auke av uføregraden, er fribeløpet framleis 0,4 G. Etter denne perioden aukar fribeløpet til 1 G.

Inntekt som er lågare enn botnfrådraget har ikkje betydning for kor høg uføretrygd mottakaren får utbetalt. Dersom den pensjonsgivande inntekta i eit kalenderår er høgare enn botnfrådraget, blir utbetalinga av uføretrygda redusert. Reglane for reduksjon er meint å gi eit samsvar mellom den delen av full uføretrygd som blir utbetalt, og den delen av inntektsevna som faktisk har falle bort. Reglane er også meint å sikre at det alltid lønner seg for uføre å jobbe så mykje dei har evne til, ettersom den uføre vil få høgare samla inntekt ved arbeid også etter avkorting av uføretrygda.

Formålet med sjukepengar er å gi kompensasjon for bortfall av arbeidsinntekt for yrkesaktive medlemmer som er arbeidsuføre på grunn av sjukdom eller skade. Trygda betaler sjukepengar viss inntektsgrunnlaget for sjukepengar utgjer minst 0,5 G, sjå folketrygdlova § 8-3 andre ledd. Til arbeidstakarar blir det ytt sjukepengar med

100 prosent av sjukepengegrunnlaget, sjå § 8-16 første ledd.

Vilkåret om at sjukepengegrunnlaget må overstige 0,5 G inneber at personar med lita inntekt frå f.eks. svært små deltidsstillingar og sporadisk arbeid, mellom anna uføretrygda med inntekt opp til det tidlegare fribeløpet på 0,4 G, ikkje har rett til sjukepengar frå trygda.

Før auken av fribeløpet stemte regelverket derfor i stor grad overeins med intensjonen om at personar som får full uføretrygd, altså kompensasjon for tap av all arbeidsevne, ikkje skal ha rett til sjukepengar i tillegg. Fullt uføre som tente meir enn 0,4 G fekk redusert uføretrygda i periodar med arbeidsinntekt. Fullt uføre som tente over 0,5 G og så blei sjukmelde frå arbeidet, fekk fulle sjukepengar for heile den tapte arbeidsinntekta og redusert uføretrygd. Reduksjonen i uføretrygda var den same når ein fekk sjukepengar som når ein fekk lønn. Etter auken i fribeløpet vil uføre som jobbar for lønn inntil 1 G og deretter blir sjukmelde frå arbeidet, få fulle sjukepengar i inntil eitt år utan avkorting i uføretrygda.

Stønad ved sjukdom hos barn og andre nærståande er regulert i folketrygdlova kapittel 9. Det går fram av § 9-9 og § 9-15 at trygda bereknar pleiepengar, opplæringspengar og omsorgspengar frå trygda etter dei same føresegnene som sjukepengar frå trygda. Mange av føresegnene i kapittel 8 skal derfor brukast også på stønader etter kapittel 9. Vidare blir mottak av sjukepengar likestilt med arbeid ved vurdering av om krava til opptening stid i § 9-2 er oppfylte.

Ytingar ved svangerskap, fødsel og adopsjon er regulerte i folketrygdlova kapittel 14. Det går fram av § 14-4 og § 14-7 at høvesvis svangerskapspengar og foreldrepengar blir berekna etter dei same føresegnene som sjukepengar frå trygda. Vidare blir mottak av sjukepengar likestilt med yrkesaktivitet ved vurdering av om krava til opptening stid i § 14-6 er oppfylte. Rett til foreldrepengar og svangerskapspengar kan tenast opp ved å vere yrkesaktiv i tillegg til å få uføretrygd. Etter gjeldande rett blir berekningsgrunnlaget for foreldrepengar og svangerskapspengar fastsett ut frå faktisk inntekt, ikkje arbeidsinntekta det er gått ut frå at mottakaren ville kunne fått ved å utnytte restarbeidsevna si.

Arbeidsgivarar som har tilsette med inntekt under 0,5 G, betaler sjukepengar i arbeidsgivarperioden sjølv om desse tilsette ikkje har rett til sjukepengar frå trygda. Arbeidsgivarane får da heller ikkje refundert utbetalte sjukepengar for tida etter arbeidsgivarperioden. Mange tariffavtalar sikrar dessutan full lønn ved sjukdom m.m.

4.1.3 Konsekvensar for sjukepengar av auka fribeløp

Når ein kan kombinere inntektserstatningsytingar frå folketrygda (her uføretrygd) med arbeidsinntekt utan at ytinga blir redusert, vil dei som mottar ytinga kunne få kompensasjon for eit inntektstap dei ikkje har. Jo høgare arbeidsinntekt ein kan ha før det får konsekvensar for ytinga, jo større er misforholdet mellom den faktisk tapte inntektsevna og kompensasjonen – i favør av mottakaren. Auken i fribeløpet frå 0,4 til 1 G forsterkar dette misforholdet for personar som er uføre.

Det oppstår ei ytterlegare utfordring viss tap av den ekstra arbeidsinntekta den uføre har ved sida av uføretrygda, også skal bli kompensert av ei anna yting (her sjukepengar). Mottakarane vil da kunne få dobbel kompensasjon frå trygda for delar av den tapte inntektsevna. Dette er allereie i dag tilfellet for uføretrygda som tener over 0,5 G. Dei får ikkje avkorta uføretrygda for inntekt under 0,4 G, men vil få sjukepengar som svarer til heile den tapte arbeidsinntekta ved sjukdom. Som følge av auken av fribeløpet, vil ein slik uheldig dobbeltkompensasjon bli større og gjelde fleire.

Ein auke av fribeløpet frå 0,4 G til 1 G vil i utgangspunktet innebere at uføretrygda som har inntekt mellom 0,5 og 1 G får rett til fulle sjukepengar frå trygda samtidig som dei får uavkorta uføretrygd. Dette kan for eksempel gjere det mogleg for fullt uføre som tente 4 G før dei blei uføre å jobbe i ei 25 prosent stilling samtidig som dei får utbetalt 100 prosent uføretrygd (altså uføretrygd for tap av heile inntektsevna). Etter å ha vore i arbeid i 26 veker samanhengande, vil dei kunne få sjukepengar for tap av heile arbeidsinntekta viss dei blir sjukmelde frå dette arbeidsforholdet, jf. folketrygdlova § 8-12. Dei vil altså kunne få ei samla yting tilsvarande full uføretrygd pluss fulle sjukepengar inntil 1 G i opptil 12 månader.

Auken i fribeløpet inneber at det er økonomisk gunstigare å få fastsett 100 prosent uføregrad for deretter å jobbe med ei inntekt opp til 1 G, framfor å få fastsett 75 prosent uføregrad og jobbe tilsvarande mykje. Utan endringar i sjukepengeregelverket, vil dette insentivet bli forsterka viss ein pga. sjukdom ikkje klarer å stå i jobben.

Det auka fribeløpet, og dermed retten til sjukepengar for fleire uføretrygda, vil også få konsekvensar for feriepengar av sjukepengar til uføretrygda, da feriepengar blir ytte etter særlege føresegner til arbeidstakarar som har mottatt sjukepengar. Sjå omtale av økonomiske og administrative konsekvensar i punkt 4.5.

4.2 Høyringsnotatet

Arbeids- og inkluderingsdepartementet publiserte 21. august 2026 forslag til endringar i folketrygdlova § 8-50 på regjeringen.no, og sende det samtidig på høyring til følgande instansar, med høyringsfrist 2. oktober 2026:

Departementa

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Arbeidstilsynet
Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet
Barneombodet
Datatilsynet
Helsedirektoratet
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)
Likestillings- og diskrimineringsombodet
Pasient- og brukarombodet
Regjeringsadvokaten
Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI)
Statens helsetilsyn
Statistisk sentralbyrå (SSB)
Sametinget
Sivilombodet
Statsforvaltarane
Trygderetten

Kommunane

Arbeidsforskningsinstituttet (AFI)
Frischsenteret
Institutt for samfunnsforskning
Nasjonalt senter for sjeldne diagnoser
Statens pensjonskasse
Statlege høgskolar
Universiteta

AAP-aksjonen
Akademikerne
Arbeiderbevegelsens Arbeidsgiverforening (AAF)
Arbeidsgiverforeningen Spekter
Arbeid & Inkludering i NHO Service og Handel
Autismeforeningen i Norge
Barnekreftforeningen
Cerebral Parese-foreningen (CP-foreningen)
Den norske advokatforening
Den norske jordmorforening
Den norske legeforening
Downs Syndrom Norge
Epilepsiforbundet
Fagforbundet
Fellesorganisasjonen
Finans Norge
Foreningen for hjertesyke barn
Foreningen for Intensiv Stimulering av Hjerneskadde (FISH)
Forskningsstiftelsen Fafo
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)
FØL Norge – For Økt Levestandard
Handikappede Barns Foreldreforening
iArbeid
Juridisk Rådgivning for Kvinner (JURK)
Juristforbundet
Juss-Buss
Jussformidlingen
Jusshjelpa i Nord-Norge
KA – Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter
Kommunal Landspensjonskasse (KLP)
Kreftforeningen
KS – Kommunesektorens organisasjon
Landsorganisasjonen i Norge (LO)
LO-Kommune
LO-Stat
Løvemammaene
ME-foreldrene
ME-foreningen (Norges Myalgisk Encefalopati Forening)
Nasjonalforeningen for folkehelsen
Norges Handikapforbund
Norges Kvinne- og Familieforbund
Norsk barnekirurgisk forening
Norsk barnelegeforening
Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU)
Norsk psykologforening
Norsk Revmatikerforbund
Norsk NCL-forening (tidligere Norsk Spielmeyer-Vogt Forening)
Norsk senter for menneskerettigheter
Norsk Sykepleierforbund (NSF)
Norsk Tjenestemannslag (NTL)
Norsk Tourette Forening
Norske Kvinners Sanitetsforening (NKS)
Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
Organisasjonen For Uføres Rettigheter
Personskadeforbundet LTN
Pårørendealliansen
Ryggmargsbrokk- og Hydrocephalusforeningen (RH-foreningen)
Samarbeidsforumet Av Funksjonshemmedes Organisasjoner (SAFO)
Samfunnsøkonomene
SMB Norge
SMOFA – Interesseorganisasjon for Smerte og Fatigue
Unio
Virke
Yrkesorganisasjonenes sentralforbund (YS)

4.3 Høyringsinstansane sitt syn

Departementet har fått inn 59 høyringssvar, irekna frå 15 privatpersonar. Eit par høyringsinstansar har sendt inn fleire svar, nokre med ulikt innhald. Desse er likevel berre talde éin gong.

Følgande høyringsinstansar har uttalt at dei ikkje har merknader:

Justis- og beredskapsdepartementet
Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI)

Luster kommune
Tinn kommune
Østre Toten kommune

Fagforbundet
KLP – Kommunal Landspensjonskasse
Norsk barnelegeforening
Éin privatperson

Følgande høyringsinstansar har merknader til forslaget:

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet
Statistisk sentralbyrå (SSB)

Horten kommune
Oslo kommune
Trondheim kommune
Ullensvang kommune

AAP-aksjonen
Akademikerne
ADHD Norge
Bedriftsklubben Oddaprodukt
Det sentrale rådet for personer med funksjonsnedsettelser i Oslo kommune
Fellesforbundet
Fellesforbundet avd. 5
Fellesforbundet avd. 16 Midtnorsk Transportarbeiderforbund
Fellesforbundet avd. 28 Steinkjer og Stjørdal fagforening
Fellesforbundet avd. 118 Hardanger/Sunnhordland og klubbane ved Odda produkt og Podlen verkstad på Stord
Fellesforbundets klubb Eskoleia
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)
FØL Norge
Gullflyndra Verkstedklubb
iArbeid
Hovedorganisasjonen Virke
Jussformidlingen
KS – Kommunesektorens organisasjon
LHL, Landsforeningen for hjerte, lunge og hjerneslag
NHO
Norges astma- og allergiforbund
Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU)
Norsk Revmatikerforbund
Organisasjonen for Uføres Rettigheter
Pensjonistpartiet
Samfunnsviterne
Tekna
Unio

14 privatpersonar

Nokre høyringsinstansar har innspel til forhold som ligg utanfor forslaget i høyringsnotatet. Departementet merker seg disse, men dei blir ikkje kommenterte i denne proposisjonen.

Nesten alle høyringsinstansane støttar prinsippet om at staten ikkje skal kompensere meir enn éin gong for det same inntektstapet. Samtidig er det fleire som er mot forslaget om å avgrense retten til sjukepengar til det som er anslått å vere restarbeidsevna. Dei viser til at helsa og arbeidsevna til uføre kan variere, og til at inntektstapet ved sjukdom er reelt, sjølv om ein mottar uføretrygd. Dei peiker på at inntekt etter uførleik blir fastsett ved skjønn, og at det kan vere lenge sidan denne fastsettinga blei gjort. Konsekvensane kan bli særleg store for uføre som har arbeidd i fleire år, og tilpassa forbruket til den høgare inntekta dette har gitt.

Fleire høyringsinstansar er uroa for at forslaget vil gjere det mindre attraktivt for uføre å arbeide, sidan retten til sjukepengar blir avgrensa.

KS, *NHO* og *Virke* er blant dei høyringsinstansane som meiner departementet burde undersøke konsekvensane for arbeidsgivarane sine kostnader til sjukepengar betre. Konsekvensen av endringa må ikkje bli at arbeidstakaren får høgare utbetaling enn lovforslaget legg opp til, fordi arbeidsgivar forskotterer, mens trygda ikkje refunderer.

Nokre høyringsinstansar, mellom anna *Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO)*, *iArbeid*, *LO*, *Fellesforbundet* og *tillitsvalde i VTA-verksemder*, er særleg opptatte av konsekvensane forslaget vil få for VTA-tilsette, og ber om unntak for denne gruppa.

Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) og *AAP-aksjonen* er blant dei høyringsinstansane som problematiserer at uføre som har inntekt over 1 G, og som derfor får avkorta uføretrygd, vil komme svært dårleg ut dersom dei ikkje får sjuke-

pengar. Ein må få enten uføretrygd eller sjukepengar, slik at når uføretrygda blir redusert på grunn av inntekt, må ein uføretrygda arbeidstakar ha rett på sjukepengar.

Bufdir, NFU og *Oslo kommune* meiner det bør komme tydelegare fram kva vurderingar som er gjorde av forslaget opp mot FNs konvensjon om rettigheiter til personar med funksjonsnedsettingar (CRPD). Dette er nå presisert i omtala av forholdet til internasjonale forpliktingar i kapittel 8.

Fleire høyringsinstansar, mellom andre *ADHD-Norge, Akademikerne, NHO* og *Virke*, meiner foreldrepengar og svangerskapspengar, samt pleiepengar, opplæringspengar og omsorgspengar, kan vurderast annleis enn sjukepengar. Dei fleste som har uttalt seg om det, meiner også at det bør vere ei overgangsordning i foreldrepengar og svangerskapspengar, for å unngå å råke personar som har innretta seg etter gjeldande reglar.

4.4 Departementet sine vurderingar

Innretninga av folketrygda sine ytingar ved uførleik skal først og fremst sikre at uføre får erstatning for varig tap av inntektsevne, basert på ein mest mogleg korrekt fastsett uføregrad. Innretninga skal vidare oppmuntre uføre til å teste ut om arbeidsevna er blitt betre etter at uføregraden blei fastsett, slik at dei kan jobbe noko, eller noko meir. Uføretrygda er derfor innretta på ein måte som inneber at det lønner seg å arbeide. Det er samtidig viktig at folketrygda ikkje kompenserer meir enn éin gong for inntektstap. Departementet meiner derfor det er nødvendig å gjere endringar i uføre sin rett til sjukepengar for å hindre utilsikta og negative konsekvensar av det auka fribeløpet.

Departementet meiner det er rimeleg at ein person som allereie får kompensasjon for tapt inntektsevne i form av uføretrygd, må falle tilbake på denne dersom ekstra inntekt ein har fått gjennom å prøve ut arbeidsevna, fell bort igjen.

Dette forslaget bygger på eit prinsipp om at tap av inntektsevne berre skal bli dekt éin gong av det offentlege. Gradert uføre, som gjennom dette har kompensasjon for delvis tap av inntektsevne, skal derfor kunne få sjukepengar for tap av inntektsevne som ikkje allereie er dekt av uføretrygd. Personar som får full uføretrygd, får kompensert for tap av heile arbeidsevna si, og skal ikkje få sjukepengar i tillegg til uføretrygd. Enkelte høyringsinstansar påpeiker at kompensasjonsgraden i uføretrygda er lågare enn i sjukepengeordninga, og meiner at det er urimeleg at den uføre dermed ikkje fullt ut får erstatta inntektsbortfallet. Departementet viser til at uføretrygd skal kompensere for varig bortfall av inntektsevne, i tråd med den uføregraden som er fastsett. At den uføre kan ha inntekt ved sidan av uføretrygda, bør etter departementets syn ikkje innebere at også ytinga ved fråvær frå arbeidet skal vere høgare enn den kompensasjonen som er fastsett i uføretrygda. Dette vil gjelde på same måte for dei andre ytingane som blir berekna som sjukepengar. Tilsvarande inneber forslaget at sjølvstendig næringsdrivande og andre som får berekna ytinga på grunnlag av sjukepengar, vil få kompensasjon for arbeidsinntekt inntil restinntektsevna rekna med dei særskilde reglane som gjeld for denne gruppa, tilsvarande som for ordinær inntekt, mens dei ikkje får kompensasjon for inntekt utover dette.

Når høyringsinstansane støttar prinsippet om at staten ikkje skal kompensere meir enn éin gong for det same inntektstapet, samtidig som dei er mot å avgrense retten til sjukepengar i forhold til det som er anslått å vere restarbeidsevna, må ein vurdere om det er andre måtar ein kan sikre at ingen blir kompensert meir enn éin gong. Departementet kan ikkje sjå at det er gode alternativ.

Eit alternativ er å gi full rett til sjukepengar, men å fjerne fribeløpet i uføretrygda, slik at uføretrygda blir redusert når ein har arbeidsinntekt eller sjukepengar mv. Dette vil vere til fordel for uføretrygda som blir sjukmelde samanlikna med forslaget, men det vil vere til ulempe for dei uføretrygda som faktisk er i arbeid og får lønn. Sidan uføretrygda ikkje blir avkorta krone for krone ved arbeidsinntekt og andre trygdeytingar, vil også mottakarane framleis få høgare kompensasjon for den delen dei ikkje kan jobbe, enn uføregraden tilseier. Eit anna alternativ er at fribeløpet gjeld lønn, men blir fjerna for sjukepengar og andre trygdeytingar. Ein vil da få fulle sjukepengar, men uføretrygda vil bli redusert når ein mottar andre trygdeytingar. Det vil gi full sjukepengedekning, men ein vil kunne få meir utbetalt med sjukepengar enn med lønn. Det ville også gjort regelverket meir komplisert enn det som blir foreslått her.

Uføretrygda som over lang tid arbeider og tener meir enn fastsett inntekt etter uførleik, enten det kjem av at helsa er betre, at dei får god tilrettelegging eller anna, kan be om revurdering av uføregraden i tråd med endringa i inntektsevna. Dei vil dermed få rett til (meir) sjukepengar.

Departementet understrekar at det framleis vil lønne seg å arbeide, både for fullt og gradert uføre. Inntekt opp til 1 G vil ikkje få konsekvensar for størrelsen på uføretrygda. Uføre vil framleis få kompensasjon for tap av all arbeidsevne, enten gjennom full uføretrygd eller gjennom gradert uføretrygd

og sjukepengar for restarbeidsevna. Uføretrygd blir avkorta mot arbeidsinntekt utover fribeløpet og den fastsette restinntektsevna, men likevel slik at samla inntekt alltid blir høgare.

Forslaget vil gjere det økonomisk meir fordelaktig å vere gradert ufør heller enn heilt ufør dersom ein faktisk har noka restarbeidsevne. Personar som har rett til 100 prosent uføretrygd, og dermed får kompensasjon for tap av all inntektsevne, vil ikkje ha rett til sjukepengar i tillegg. Personar som har rett til gradert uføretrygd, vil derimot ha rett til sjukepengar for tap av den inntektsevna som ikkje allereie er kompensert med uføretrygd. Litt forenkla vil for eksempel personar med ei uføretrygd som er gradert til 70 prosent, ha rett til sjukepengar for inntekt frå ei 30-prosentstilling.

Uføretrygd skal erstatte varig tap av inntektsevne, mens sjukepengar skal erstatte midlertidig tap av inntektsevne. Forslaget understøttar dette utgangspunktet. Personar som har varierande restarbeidsevne, vil få gradert uføretrygd for det varige inntektstapet og sjukepengar for inntektstapet når dei er sjuke og ikkje kan utnytte restarbeidsevna. Personar som får fastsett ein uføregrad på 100 prosent sjølv om dei har ei viss restarbeidsevne som gjer at dei kan jobbe noko ved sida av ei uavkorta full uføretrygd, må derimot falle tilbake på uføretrygda dersom dei blir sjuke eller restarbeidsevna blir redusert. Forslaget inneber derfor at personar som har ulik fastsett «inntekt etter uførleik», vil kunne få ulik utbetaling av sjukepengar frå trygda, sjølv om inntektene dei har hatt frå arbeid er like store. Dette følger av at dei også får ulik uføretrygd. Forslaget betyr også at personar som får uføretrygd kan få lågare sjukepengeutbetaling enn personar som har hatt like høg arbeidsinntekt, men som ikkje har uføretrygd. Denne forskjellen er grunngitt med at den uføretrygda allereie får kompensert inntektstap frå trygda, mens andre berre har arbeidsinntekt. Likebehandling blir altså sikra ved at ingen får dobbel kompensasjon frå trygda. Personar med korrekt fastsett gradert uføretrygd vil, på same måte som personar som ikkje mottar uføretrygd, ha rett til sjukepengar viss dei blir sjukmelde frå arbeidet når dei utnyttar restinntektsevna si.

Forslaget bygger opp under prinsippet om at uføregraden skal bli fastsett mest mogleg riktig, og at ingen skal bli kompensert to gonger for same nedsette arbeidsevne. Samtidig vil det innebere at nokre får ein meir avgrensa rett til sjukepengar enn i dag. Det vil gjelde personar som har inntekt over 0,5 G ved sida av full uføretrygd og personar som har inntekt over 0,5 G og som i tillegg har høgare inntekt enn det som er fastsett som «inntekt etter uførleik» ved sida av gradert uføretrygd. Dette er ei avgrensa gruppe, og departementet anslår at om lag 0,6 prosent av alle sjukepengemottakarane vil få reduksjon i sjukepengane som følge av forslaget, fordi dei har arbeidsinntekt som overstig «inntekt etter uførleik». Reduksjonen er berekna til i gjennomsnitt om lag 0,62 G.

Fullt uføre som har inntekt over 1 G per år, får avkorta uføretrygda. Tilsvarande får gradert uføre avkorta uføretrygda dersom inntekta overstig fribeløpet og den fastsette restinntektsevna. Ein skal melde frå til Arbeids- og velferdsetaten om planlagd årsinntekt på førehand i den såkalla «Inntektsplanleggeren». Avkortinga blir jamt fordelt utover året, dvs. trekt med likt beløp i kvar månad ut frå årsinntekta. Dersom inntekta endrar seg i løpet av året, for eksempel ved langvarig sjukdom, kan ein endre den innrapporterte inntekta. Månadsytinga vil da bli omrekna, slik at ein får mindre, eventuelt null i trekk resten av året. Dersom ein aukar innrapportert inntekt igjen, vil ein få høgare trekk resten av året.

I utgangspunktet skjer omrekninga slik at ein skal rekke å korrigere for heile endringa i løpet av dei gjenverande månadene i det aktuelle året. Ein ufør arbeidstakar som blir sjuk og ikkje får sjukepengar etter arbeidsgivarperioden, kan altså rapportere inn lågare inntekt og få uføretrygda auka frå månaden etter. Det er derfor viktig at uføre melder frå til etaten om endringar i arbeidsinntekt, på same måte som ein melder frå til Skatteetaten. Dersom det i etteroppgjeret viser seg at årsinntekta har vore annleis enn berekna, får ein etterbetaling eller tilbakebetalingskrav.

Forslaget får ikkje konsekvensar for sjukepengar i arbeidsgivarperioden. Arbeidsgivarar som har tilsette med inntekt under 0,5 G, betaler sjukepengar i arbeidsgivarperioden sjølv om desse tilsette ikkje har rett til sjukepengar frå trygda. Arbeidsgivarane får da heller ikkje refundert utbetalte sjukepengar for tida etter arbeidsgivarperioden. Forslaget kan føre til at det blir fleire slike tilfelle, da det også vil gjelde tilsette som har ei lønn som både er over 0,5 G og over fastsett inntekt etter uførleik. Departementet har ikkje data som gir grunnlag for å seie kor store beløp dette kan dreie seg om. Departementet forstår at det vil krevje ekstra administrasjon for arbeidsgivarar å vurdere om og i tilfelle kor mykje sjukepengar dei vil betale etter arbeidsgivarperioden til tilsette med uføretrygd, når dei ikkje er sikra refusjon frå folketrygda. Departementet legg til grunn at ein arbeidsgivar som veit at den tilsette har uføretrygd,

vil stanse lønnsutbetalinga etter arbeidsgivarperioden og vise til at det ikkje føreligg rett til sjukepengar. Departementet vil følge med og vurdere tiltak dersom det kjem informasjon om at dette blir eit problem.

Forslaget vil ikkje få konsekvensar for personar som er 100 prosent uføre og faktisk ikkje har noka restarbeidsevne. Det vil heller ikkje røre ved uføre med inntekt under 0,5 G, fordi personar med så låg arbeidsinntekt uansett ikkje har rett til sjukepengar frå trygda.

Personar som har varig tilrettelagt arbeid (VTA) har i mange år hatt eit fribeløp på 1 G, også dei første to åra etter innvilga uføretrygd. Dei VTA-tilsette som tener mest har altså hatt fordelen av rett til dobbeltkompensasjon i fleire år. Departementet foreslår at dei får unntak frå den foreslåtte endringa, slik at dei får behalde den ordninga dei har i dag. Sjølv om dette inneber ulik behandling basert på tilsettingsform, meiner departementet at VTA-tilsette står i ein særleg posisjon. Fribeløpet på 1 G frå dag éin er vidareført for denne gruppa, mens det er ein ny fordel for andre etter ei ventetid på to år. Mange i denne gruppa blei uføre tidleg i livet, og deira moglegheiter i ordinært arbeidsliv er avgrensa og arbeidsinntekta er låg. Eit unntak vil i praksis gjelde få personar, da det er krav om inntekt over 0,5 G for å kvalifisere for sjukepengar.

I medhald av folketrygdlova § 9-9 og § 9-15 blir omsorgspengar frå trygda, pleiepengar og opplæringspengar berekna etter dei same føresegnene som sjukepengar frå trygda. Det er svært få personar som kombinerer uføretrygd med omsorgs-, pleie- eller opplæringspengar. I oktober 2024 var det 128 personar som både hadde uføretrygd og pleiepengar, ni personar med uføretrygd og omsorgspengar, samt ni personar med uføretrygd og opplæringspengar. Også her gjeld omsynet til at det skal vere ein fordel å få korrekt fastsett uføregrad, samt omsynet til at trygda ikkje skal erstatte inntektstap fleire gonger, sjå omtale ovanfor. Departementet foreslår derfor ikkje å innføre særlege regler for desse ytingane.

I medhald av folketrygdlova § 14-7 blir foreldrepengar berekna etter dei same reglane som sjukepengar frå trygda. Forslaget vil derfor også få konsekvensar for berekninga av foreldrepengar til uføretrygda. I april 2026 var det 180 personar som fekk uføretrygd og foreldrepengar samtidig. Forslaget vil føre til endringar i berekninga av foreldrepengegrunnlaget for dei som også mottar uføretrygd. Etter gjeldande regelverk blir foreldrepengane berekna ut frå faktisk inntekt, ikkje den fastsette inntekta etter uførleik. Som følge av dette forslaget vil foreldrepengegrunnlaget bli berekna ut frå kva som maksimalt er fastsett inntekt etter uførleik. Det inneber at personar med gradert uføretrygd vil få eit lågare berekningsgrunnlag for foreldrepengar viss dei har tent meir enn den fastsette inntekta etter uførleik. Forslaget vil på same måte påverke berekningsgrunnlaget for svangerskapspengar. Departementet meiner dette er ein ønskt verknad av forslaget. Dei som får berekna foreldrepengar eller svangerskapspengar basert på både uføretrygd og arbeidsinntekt, men som faktisk er i stand til å arbeide meir enn den fastsette inntekta etter uførleik, vil med forslaget få auka insentiv til å få fastsett riktig uføregrad.

Departementet foreslår på bakgrunn av dette at retten til å få utbetalt sjukepengar mv. frå trygda blir avgrensa for personar som mottar uføretrygd, slik at sjukepengane m.m. ikkje kan utgjere meir enn den arbeidsinntekta som etaten legg til grunn at medlemmen kan skaffe seg ved å utnytte restarbeidsevna si («inntekt etter uførleik», sjå folketrygdlova § 12-9 tredje ledd). Forslaget inneber at ingen kan få meir kompensasjon frå trygda enn uføretrygd pluss fastsett «inntekt etter uførleik», og løysinga ivaretar derfor både omsynet til at staten berre skal kompensere éin gong for tapt arbeids- og inntektsevne og til at det skal lønne seg å få fastsett riktig uføregrad. Ei slik innretning vil bidra til at det blir meir attraktivt for den enkelte å få fastsett riktig uføregrad, framfor høgast mogleg uføregrad. Reglane vil dermed bidra til å oppfylle oppmodingsvedtak nr. 82 (2025–2026) frå Stortinget om å legge til rette for auka bruk av gradering i uføretrygd og andre helserelaterte ytingar.

Endringane trer i kraft 1. april 2027. På innføringstidspunktet skal forslaget berre gjelde for nye tilfelle av sjukepengar, omsorgspengar, pleiepengar og opplæringspengar, altså at endringane i lova får verknad for saker som har skjeringstidspunkt frå og med tidspunktet for ikraftsetting.

Til skilnad frå sjukepengar, er foreldrepengar ei yting der uttaket normalt vil vere kjent på førehand og kan planleggast. Mottakarar av denne ytinga kan derfor ha innretta seg etter gjeldande regelverk i tida før stønadsperioden. Departementet vil derfor legge opp til ein overgangsregel av omsyn til personar som allereie har planlagt arbeid og uttak av foreldrepengar på grunnlag av den faktiske inntekta dei har, men som etter planlegginga blir omfatta av regelendringa. Departementet vurderer at overgangsreglar i ein periode på seks månader er tilstrekkeleg. På bakgrunn av dette foreslår departementet ein overgangsregel

med heimel i føresegna om ikraftsetting i lova. Regelen er utforma slik at endringa i folketrygdlova § 8-50 ikkje gjeld saker etter folketrygdlova kapittel 14 når skjeringspunktet er før 1. oktober 2027, det vil seie der den første uttaksdagen til foreldra er før dette tidspunktet. Dette vil bidra til å fange opp dei enkeltpersonane som har ei velgrunna forventning om foreldrepengar etter gjeldande regelverk. Overgangsregelen skal gjelde ytingar etter folketrygdlova kapittel 14, og vil også gjelde svangerskapspengar etter folketrygdlova § 14-4.

Sjå forslaget til endring i folketrygdlova § 8-50.

4.5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringa i reglane om berekning av sjukepengar frå trygda til personar som mottar uføretrygd, får også konsekvensar for berekning av foreldrepengar, svangerskapspengar, pleiepengar, opplæringspengar og omsorgspengar til denne gruppa.

Forslaget vil medføre at arbeidsgivarar med tariffavtalar som sikrar full lønn under sjukdom, og arbeidsgivarar med tilsette som mottar uføretrygd og som har lønn over 0,5 G og over fastsett inntekt etter uførleik, kan få auka utgifter til sjukepengar for desse tilsette. Det er svært usikkert kor store slike effektar vil bli.

Det blir ytt feriepengar til arbeidstakarar som har fått sjukepengar, foreldrepengar, svangerskapspengar, pleiepengar, omsorgspengar eller opplæringspengar. Reduksjonen i utgiftene til desse ytingane til uføre er anslått å redusere utgiftene til feriepengar frå trygda med 4,6 mill. kroner på heilårsbasis. Feriepengane blir utbetalte året etter utbetalinga av desse stønadene, slik at effekten for feriepengane oppstår eitt år etter effekten for stønadene.

Etter gjeldande regelverk blir sjukepengesaker som gjeld personar som mottar uføretrygd behandla på ordinær måte. Endringa som blir foreslått her inneber at regelverket blir noko meir komplisert å forvalte. Arbeids- og velferdsetaten må behandle fleire opplysningar ved søknad om sjukepengar, svangerskapspengar, foreldrepengar, omsorgspengar, opplæringspengar og pleiepengar, mellom anna om søkaren mottar uføretrygd og kva som er fastsett «inntekt etter uførleik». Dette er informasjon som etaten har i sine system, så det vil ikkje vere nødvendig å innhente opplysningane frå brukaren. Sakene vil likevel krevje meir manuell saksbehandling og meir tid til samanstilling av informasjon, fram til eigna saksbehandlingssystem er utvikla. Det vil derfor vere nødvendig med noko auka saksbehandlingskapasitet.

Det er lagt til grunn ikraftsetting 1. april 2027 for å legge til rette for at Arbeids- og velferdsdirektoratet kan gjennomføre endringane for sjukepengar, svangerskapspengar, foreldrepengar, pleiepengar, opplæringspengar og omsorgspengar frå trygda.

Direktoratet anslår på usikkert grunnlag at løysinga vil krevje inntil 8 mill. kroner i utviklingskostnader (eingongskostnad) og om lag 15 mill. kroner på årsbasis i auka saksbehandlingskapasitet, gitt liten grad av automatisert behandling av desse sakene.

Budsjettverknadene av forslaget er irekna i Prop. 1 S (2026–2027). Forslaget om unntak frå endringa for deltakarar i arbeidsmarknadstiltaket Varig tilrettelagt arbeid gjer at innsparinga må antakast å bli noko lågare enn det som opphaveleg blei foreslått. Det er med betydeleg usikkerheit anslått at dette vil utgjere om lag 4 mill. kroner i 2027. Regjeringa vil komme med oppdaterte anslag for sjukepengeutgiftene i dei ordinære budsjettrundane.

5 Utvida rett til omsorgspengar skal kunne avgrensast i tid – folketrygdlova § 9-5

5.1 Bakgrunn

Rett til omsorgspengar (sjukt-barn-dagar) gjeld i utgangspunktet til og med det året barnet fyller tolv år. Når barnet er kronisk sjukt, langvarig sjukt eller funksjonshemma, og dette fører til markert høgare risiko for fråvær frå arbeidet for å ta seg av barnet, gjeld retten til omsorgspengar med tillegg på ti stønadsdagar, til og med det året barnet fyller 18 år. I desse tilfella fattar Arbeids- og velferdsetaten vedtak om utvida rett til omsorgspengar etter ei konkret vurdering. Retten gjeld altså både utvida aldersgrense og utvida tal på stønadsdagar.

På bakgrunn av innføringa av vilkåret om langvarig sjukdom i regelverket for omsorgspengar i 2023, har praktiseringa av føresegnene om utvida rett til omsorgspengar i Arbeids- og velferdsetaten blitt vanskelegare, særleg der barnet sin tilstand endrar seg over tid. Sjølv om Arbeids- og inkluderingsdepartementet meiner at vedtak om utvida rett til omsorgspengedagar i utgangspunktet kan bli gitt for ei avgrensa tid, ser departementet at det er ønskeleg å gi Arbeids- og velferdsetaten ein klar heimel til å tidsavgrense vedtak om utvida rett til omsorgspengar for å sikre at retten omfattar dei barna som fyller vilkåra over tid.

5.2 Gjeldande rett

Omsorgspengar (sjukt-barn-dagar) er regulert i kapittel 9 i lov om folketrygd 28. februar 1997 nr. 19 (folketrygdlova).

Yrkesaktive personar (arbeidstakarar, frilansarar og sjølvstendig næringsdrivande) som har omsorg for barn, kan få omsorgspengar dersom dei er borte frå arbeidet fordi barnet eller barnepassaren er sjuk, fordi barnet skal til lege e.l., eller fordi barnepassaren må ta vare på eit anna barn som er sjukt eller skal til lege e.l., jf. folketrygdlova § 9-5 første ledd.

Retten til omsorgspengar gjeld til og med det kalenderåret barnet fyller tolv år. Dersom barnet er kronisk eller langvarig sjukt eller funksjonshemma, og det fører til ein markert høgare risiko for fråvær frå arbeidet for å ta seg av barnet, gjeld retten til og med det året barnet fyller 18 år (utvida rett til omsorgspengar), jf. folketrygdlova § 9-5 tredje ledd.

Som hovudregel har ein arbeidstakar rett til omsorgspengar i opptil ti stønadsdagar for kvart kalenderår. Har vedkommande omsorg for meir enn to barn, blir det ytt omsorgspengar i opptil 15 stønadsdagar. Dersom eit barn er kronisk eller langvarig sjukt eller funksjonshemma, og det fører til ein markert høgare risiko for fråvær frå arbeidet for å ta seg av barnet, kan omsorgspengar bli innvilga med tillegg av ti stønadsdagar for kvart kronisk eller langvarig sjuke eller funksjonshemma barn, jf. folketrygdlova § 9-6 andre ledd. Når arbeidstakaren er aleine om omsorga, blir talet på dagar dobla, jf. folketrygdlova § 9-6 første og andre ledd.

For at arbeidstakaren skal få utvida rett til omsorgspengar etter § 9-6 andre ledd, må Arbeids- og velferdsetaten ha godtatt at barnet er kronisk eller langvarig sjukt eller funksjonshemma, og at dette fører til markert høgare risiko for fråvær frå arbeidet for å ta seg av barnet, jf. folketrygdlova § 9-6 fjerde ledd. Da blir det fatta vedtak om utvida rett til omsorgspengar. Ti dagar med omsorgspengar blir dekte av arbeidsgivaren, jf. folketrygdlova § 9-8. Dersom arbeidstakaren har rett til meir enn ti dagar, kan arbeidsgivaren krevje å få refusjon for lønn utbetalt for det talet på dagar som overstig ti. Sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar har ingen arbeidsgivar og må dekke dei ti første dagane sjølv (ventetid). Dersom dei har rett til meir enn ti dagar, kan dei krevje desse dagane dekte av folketrygda, jf. folketrygdlova § 9-9.

5.3 Høyringsnotatet

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sende 30. mai 2025 forslag til endringar i regelverket for sjukepengar og stønad ved barns sjukdom (folketrygdlova kapittel 8 og 9) på høyring. Høyringa

gjaldt også forslaget som er omtalt i kapittel 6. Høyringa blei send til dei følgande høyringsinstansane og publisert på regjeringen.no:

Departementa

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Arbeidstilsynet
Barneombodet
Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet
Datatilsynet
Helsedirektoratet
Helsetilsynet
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)
Likestillings- og diskrimineringsombodet
Pasient- og brukarombodet
Regjeringsadvokaten
Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI)
Statistisk sentralbyrå (SSB)
Trygderetten

Sametinget
Sivilombodet
Statsforvaltarane

Kommunane

Arbeidsforskningsinstituttet (AFI)
Dei regionale helseforetaka
Frambu kompetansesenter for sjeldne diagnoser
Frischsenteret
Institutt for samfunnsforskning
Norsk senter for menneskerettigheter (UIO)
Statens pensjonskasse
Statlege høgskolar
Universiteta

AAP-aksjonen
Akademikerne
Arbeiderbevegelsens Arbeidsgiverforening (AAF)
Arbeidsgiverforeningen Spekter
Arbeidssamvirkenes Landsforening (ASVL)
Autismeforeningen i Norge
Barnekreftforeningen
Cerebral Parese-foreningen (CP-foreningen)
Den norske advokatforening
Den norske jordmorforening
Den norske legeforening
Epilepsiforbundet
Fagforbundet
Fellesorganisasjonen
Finans Norge
Foreningen for hjertesyke barn
Forskningsstiftelsen Fafo
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)
FØL Norge – For Økt Levestandard
Handikappede Barns Foreldreforening
Juridisk Rådgivning for Kvinner (JURK)
Juristforbundet
Juss-Buss
Jussformidlingen
Jusshjelpa i Nord-Norge
Kommunal Landspensjonskasse (KLP)
Kreftforeningen
KS – Kommunesektorens organisasjon
Landsorganisasjonen i Norge (LO)
LO-Kommune
LO-Stat
Løvemammaene
ME-foreningen
Nasjonalforeningen for folkehelsen
Nasjonalt senter for sjeldne diagnoser (OUS)
Norges Handikapforbund
Norges Kvinne- og Familieforbund
Norsk barnelegeforening
Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU)
Norsk NCL-forening (tidligere Norsk Spielmeyer-Vogt Forening)
Norsk psykologforening
Norsk Sykepleierforbund (NSF)
Norsk Tjenestemannslag (NTL)
Norsk Tourette Forening
Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
Organisasjonen for Uføres Rettigheter
Personskadeforbundet LTN
Personvernkommisjonen
Pårørendealliansen
Revmatikerforbundet
Ryggmargsbrokk- og Hydrocephalusforeningen (RH-foreningen)
Samarbeidsforumet Av Funksjonshemmedes Organisasjoner (SAFO)
Samfunnsøkonomene
Sanitetskvinnene
SMB Norge
Unio
Virke
Yrkesorganisasjonenes sentralforbund (YS)

5.4 Høyringsinstansane sitt syn

Departementet har fått inn 25 høyringssvar, irekna frå éin privatperson.

Følgande høyringsinstansar har uttalt at dei ikkje har merknader:

Arbeidsgiverforeningen Spekter
Forsvarsdepartementet
Justis- og beredskapsdepartementet

Statens arbeidsmiljøinstitutt
Statistisk sentralbyrå

Følgande høyringsinstansar har merknader:

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Autismeforeningen
Barnekreftforeningen
Barneombodet
Bergen kommune
Fellesorganisasjonen
FØL Norge – For Økt Levestandard
Harstad kommune
Helse Sør-Øst RHF
Løvemammaene
ME-foreldrene
Nasjonalt senter for sjeldne diagnoser
Norsk barnelegeforening
Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU)
Pasient- og brukarombodet
Pårørendealliansen
Norsk Tjenestemannslag (NTL)
Unio
Yrkesorganisasjonenes sentralforbund (YS)

Éin privatperson

Fleire høyringsinstansar gir støtte til lovforslaget om å gi Arbeids- og velferdsetaten mogelegheit til å kunne tidsavgrense vedtak om utvida rett til omsorgspengar. Det gjeld blant andre *Arbeids- og velferdsdirektoratet, Barneombodet, Helse Sør-Øst RHF, Løvemammaene*, *Norsk Forbund for Utviklingshemmede, Norsk tjenestemannslag* og *Pasient- og brukarombodet.* Fleire ser at forslaget vil gi ryddigare forvaltning og betre treffe dei tilfella der vilkåra framleis er oppfylte. Nokre seier likevel at tidsavgrensinga ikkje må føre til unødvendige nye legeerklæringar eller søknadsrundar. Enkelte andre høyringsinstansar, som blant andre *Pårørendealliansen, Nasjonalt senter for sjeldne diagnoser, Unio, YS* og *Barnekreftforeningen,* er meir skeptiske til forslaget. Dei peiker nettopp på risikoen for auka dokumentasjonsbehov og administrativ belastning for familiar. Fleire instansar ber om at tidsavgrensa vedtak uansett må ha lang varigheit, og at Arbeids- og velferdsetaten må varsle eller ha dialog med familiane før vedtak løper ut. Nokre ser behov for gode rutinar for fornying av vedtak om utvida rett til omsorgspengar. Nokre legg også som føresetnad at forslaget ikkje skal minke rettane til familiane.

5.5 Departementet sine vurderingar

Når det føreligg vedtak om utvida rett til omsorgspengar, gjeld dette framover i tid. Arbeids- og velferdsetaten gjer i dag inga ny prøving av om vilkåra etter folketrygdlova § 9-6 andre ledd framleis er til stades. Det er heller ikkje rutine for å tidsavgrense på annan måte.

For å få utvida rett til omsorgspengar er eit av vilkåra at barnet er kronisk sjukt, langvarig sjukt eller funksjonshemma. Vilkåret om langvarig sjukdom kom nyleg inn i lova, i § 9-5 tredje ledd og § 9-6 andre ledd, med verknad frå 1. januar 2023, sjå Prop. 7 L (2022–2023). Langvarig blir i lovproposisjonen angitt til å vere «mer enn ett år». Det heng saman med at omgrepet skal bli forstått på same måte som tilsvarande omgrep i arbeidsmiljølova § 12-9 tredje ledd og folketrygdlova § 9-14 om opplæringspengar. Det er fast praksis i Arbeids- og velferdsetaten for at vilkåret om langvarig sjukdom inneber at sjukdommen må vare i meir enn eitt år frå da sjukdommen blei konstatert. Det er også eit krav for utvida rett til omsorgspengar at sjukdommen barnet har, fører til markert høgare risiko for fråvær frå arbeidet for å ta seg av barnet. Lovendringa i § 9-6 andre ledd om langvarig sjukdom har gjort det vanskelegare for etaten å vurdere kva for periodar dette vilkåret er oppfylt. Problemstillinga gjeld særleg når foreldra søker om utvida rett til omsorgspengar for barn som er sjuke i periodar, som f.eks. barn med astma eller «øyrebarn», som er sterkt plaga med gjentatte og tilbakevendande akutte mellomøyrebetennelsar. Felles for desse er at sjukdommane kan gi mykje fråvær i dei periodane barnet er ramma, men at det også finst god behandling som kan redusere plagene, og at barnet i mange tilfelle kan vekse av seg plagene. I tilfelle der det er grunn til å anta at risikoen for fråvær vil kunne endre seg over tid, vil det kunne vere hensiktsmessig for etaten å kunne tidsavgrense vedtaket til å gjelde den perioden dei medisinske opplysningane tilseier at det er sannsynleg at vilkåra om markert fråvær vil vere oppfylte.

Tal frå Arbeids- og velferdsdirektoratet viser at det for 2025 var om lag 7 600 vedtak der utvida rett til omsorgspengar blei innvilga. Direktoratet har ikkje tal på kor mange omsorgspersonar eller barn dei innvilga sakene gjeld for. Sjølv om etaten har innvilga utvida rett til omsorgspengar, betyr det ikkje nødvendigvis at retten blir nytta.

Departementet forstår bekymringa til høyringsinstansane knytt til meir administrasjon, men meiner likevel at etaten må kunne tidsavgrense vedtak om utvida rett til omsorgspengar i dei tilfella det er sannsynleg at barnet blir friskt, eller at

den markert høgare risikoen for fråvær frå arbeidet for å ta seg av barnet endrar seg med tida. Som nemnt over har dette særleg blitt aktuelt etter at vilkåret om langvarig sjukdom har gjort praktiseringa av føresegna meir krevjande. Departementet gjer merksam på at i dei tilfella der situasjonen til barnet framleis er slik at vilkåra for utvida rett til omsorgspengar er oppfylt sjølv om vedtaksperioden er over, kan omsorgspersonane søke på nytt. Departementet vil også presisere at forslaget er meint å gi etaten ei *moglegheit* til å tidsavgrense vedtak i dei tilfella det er forventa at vilkåra ikkje vil vere oppfylte til og med det året barnet fyller 18 år. Det betyr at ikkje alle saker vil bli tidsavgrensa. I saker der det er klart at vilkåra vil vere oppfylte til og med det året barnet fyller 18 år, skal vedtaka ikkje bli tidsavgrensa. Departementet vil også presisere at forslaget ikkje minskar rettane. Talet på dagar ein kan få utvida rett til omsorgspengar vil framleis vere ti, og forslaget endrar heller ikkje på kva for personar som den utvida retten gjeld for.

Departementet har tidlegare vurdert ei alternativ løysning for korleis etaten kunne ha revurdert den utvida retten til omsorgspengedagar. Dette er belyst i høyringsnotatet. Ingen av høyringsinstansane har hatt innspel til dette, og departementet adresserer derfor ikkje dette i proposisjonen her.

Departementet foreslår ei regulering der vedtak om utvida rett kan avgrensast i tid dersom vilkåra for utvida rett til omsorgspengar ikkje er forventa å vere oppfylte ut det kalenderåret barnet fyller 18 år. Departementet foreslår at lovendringa skal gjelde for nye saker og skal gjelde frå 1. januar 2027. I tredje ledd andre punktum blir også vilkåret «til og med det året barnet fyller 18 år» endra til «til og med det kalenderåret barnet fyller 18 år». Dette er berre ei språkleg endring av omsyn til konsekvent språkbruk i paragrafen, og medfører inga materiell endring.

Sjå forslaget til endring i folketrygdlova § 9-5 tredje ledd.

5.6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringa vil ikkje ha merkbare økonomiske konsekvensar da departementet reknar med at dei som tidsavgrensing av vedtak vil gjelde for, og som framleis treng ekstra dagar, vil søke på nytt. Dette er likevel usikkert. Forslaget vil krevje nokre mindre utviklingskostnader i Arbeids- og velferdsdirektoratet, som vil handterast innanfor gjeldande budsjettramme.

6 Justering av føresegna om opplæringspengar i tråd med dagens praksis – folketrygdlova § 9-14

6.1 Bakgrunn og gjeldande rett

Reguleringa av opplæringspengar er utdatert og treffer ikkje praksisen Arbeids- og velferdsetaten har i dag. Det er grunn til å justere ordlyden slik at han samsvarer med praksis.

Opplæringspengar er regulert i kapittel 9 i lov om folketrygd 28. februar 1997 nr. 19 (folketrygdlova).

Opplæringspengar blir gitt til personar som treng nødvendig opplæring for å ta seg av og behandle eit barn med funksjonshemming eller langvarig sjukdom. Det er ein føresetnad at personen gjennomgår opplæring ved ein godkjend helseinstitusjon eller deltar på foreldrekurs ved eit offentleg spesialpedagogisk kompetansesenter, jf. folketrygdlova § 9-14 første ledd. Opplæringspengar kan bli gitt sjølv om barnet er over 18 år, jf. folketrygdlova § 9-14 andre ledd.

For å ha rett på opplæringspengar må personen gjennomføre opplæring som er nødvendig for å ta seg av og behandle eit barn. Det inneber at også andre enn foreldre, som f.eks. besteforeldre, kan få opplæringspengar, så lenge dei har ei rolle med å ta seg av og behandle barnet, sjå Prop. 7 L (2022–2023). Det følger av forarbeida at det vidare må dreie seg om eit barn, altså at søkaren sin relasjon til den som treng pleie er ein vaksen-barn-relasjon. Barnet kan likevel vere over 18 år, jf. folketrygdlova § 9-14 andre ledd. Dette inneber at opplæringspengar ikkje skal bli gitt for ektefellar eller sambuarar som deltar på opplæringskurs.

6.2 Høyringa

Forslag om justering av ordlyden i folketrygdlova § 9-14 i tråd med dagens praksis i Arbeids- og velferdsetaten, blei sendt på høyring 30. mai 2025, sjå nærmare om høyringa under punkt 5.3 og 5.4.

I høyringa har det gjennomgåande vore støtte til forslaga. *ME-foreldrene* ser likevel behov for ytterlegare presiseringar. Støtta frå *Autismeforeningen* er gitt med atterhald om at rettane ikkje blir svekte.

6.3 Departementet sine vurderingar

6.3.1 Vilkår knytte til tenestene

Departementet ser at ordlyden i enkelte av vilkåra i § 9-14 er utdaterte og ikkje tar omsyn til at det har skjedd endringar i korleis opplæringstenestene blir utførte. Det er vilkåra «foreldrekurs» og «offentlig spesialpedagogisk kompetansesenter» som i mindre grad samsvarer med opplæringskurs slik dei er innretta i dag. Ordlyden i vilkåret om «foreldrekurs» tilseier at retten er øyremerkt foreldre som deltar på kurs. Det er misvisande fordi også andre enn foreldre kan ha rett på opplæringspengar, sjå punkt 6.1. Departementet meiner derfor at det er grunn til å endre dette.

Når det gjeld vilkåret «offentlig spesialpedagogisk kompetansesenter», vil departementet peike på at det ikkje finst ei ordning for offentleg godkjenning av spesialpedagogisk kompetansesenter. At kurset må vere offentleg, er heller ikkje i tråd med dagens praksis i Arbeids- og velferdsetaten. Det er lang og fast praksis for at også private behandlingstilbod etter særlege retningslinjer skal kunne gi rett til opplæringspengar. Med tida er gjennomføring av opplæringskurs også i stor grad blitt overført frå offentlege til private aktørar. Departementet vurderer vidare at ordlyden «spesialpedagogisk kompetansesenter» er lite hensiktsmessig, da det er uklart kva som skal bli rekna som dette. Departementet foreslår derfor at dette omgrepet blir bytt ut og omskrive til «anerkjent pedagogisk opplæring», som er meir treffande. Departementet vil også peike på at det vesentlege er at opplæringa blir rekna som nødvendig for å kunne ta seg av og behandle barnet, og at det krevst ei erklæring frå lege om barnets sjukdom og at opplæringa er nødvendig.

Departementet gjer oppmerksam på at det ikkje blir foreslått endringar i dagens vilkår om opplæring ved godkjend helseinstitusjon for rett til opplæringspengar.

Ved å endre vilkåra i paragrafen slik som foreslått, kjem reglane i lova i samsvar med dagens

tenestetilbod og praksis. Vidare gjer endringa at første ledd blir omskrive av omsyn til klart språk.

Departementet foreslår at endringa tar til å gjelde straks.

Sjå forslaget til endring i folketrygdlova § 9-14 første ledd.

6.3.2 Vilkår knytt til rettssubjektet for rett til opplæringspengar

Fram til 2023 var det eit vilkår at personen som søkte om opplæringspengar hadde omsorg for barn med ei funksjonshemming eller ein langvarig sjukdom. Sjølv om det stod «omsorg for barn», kunne også andre personar enn foreldra få rett til opplæringspengar dersom dei i periodar hadde den faktiske omsorga for barnet. Vilkåret «omsorg for» blei i praksis i Arbeids- og velferdsetaten og i rettspraksis tolka utvidande.

Ved ei lovendring i 2023 blei ordlyden endra slik at rett til opplæringspengar blir gitt til ein person som tar seg av eit funksjonshemma eller langvarig sjukt barn. Som det går fram av Prop. 7 L (2022–2023) var endringa ikkje meint å innebere ei realitetsendring i personkretsen omfatta av ordninga, men eit forslag for å bringe lova i tråd med praksis.

Etter at lovendringa har verka ei tid, ser ein no at fjerninga av omsorgsvilkåret har gjort det vanskelegare å lese ut av føresegna kva for type relasjonar som kan gi rett til opplæringspengar. Det er uheldig at det ikkje kjem klart fram i lova kva for persongrupper som har rett til opplæringspengar. Dette er særleg utfordrande der barnet har fylt 18 år. Arbeids- og velferdsetaten får etter lovendringa i 2023 søknader om opplæringspengar frå personar som tar vare på sjuke ektefellar og sambuarar. Dette er ein relasjon som ikkje fell innunder reguleringa, men som med ei vid tolking av ordlyden (om ein ser bort frå overskrifta) kan bli oppfatta som ein relasjon som kan gi rett på opplæringspengar. Det er likevel sikker rett at ektefellar og sambuarar ikkje får rett til opplæringspengar, jf. tekst i forarbeida om at det ikkje har vore meininga å endre rettstilstanden her, og at det står «barn» i føresegna. Etaten brukar ressursar på å avslå desse søknadene. Departementet foreslår derfor å sette inn att omgrepet «omsorg for» i føresegna, men understrekar at det ikkje krevst at ein har foreldreansvar for barnet. Forslaget vil hindre unødvendige søknader til Arbeids- og velferdsetaten.

Departementet vil framheve at forslaget er ei presisering av gjeldande rett, og det inneber ikkje ei innstramming.

Departementet foreslår at endringa tar til å gjelde straks.

Sjå forslaget til endring i folketrygdlova § 9-14 første ledd.

6.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringa er ei lovteknisk justering for å bringe ordlyden til lova i tråd med gjeldande praksis og vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

7 Andre forslag til lovendringar

7.1 Presisering i lov om pensjonsordning for oppdragstaker i beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem

Lova gjeld for oppdragstakarar i beredskapsheim eller spesialisert fosterheim som har kontrakt med staten eller Oslo kommune. Oppdragstakaren har same rettar og plikter som ein medlem i Statens pensjonskasse, og oppdragsgivaren har same rettar og plikter som ein arbeidsgivar etter lov om Statens pensjonskasse.

Gjennom behandlinga av Prop. 8 L (2025–2026) vedtok Stortinget å endre § 6 første ledd slik at ordet «tidligpensjon» blei erstatta av «avtalefestet pensjon». Endringa hadde bakgrunn i at det er innført nye reglar for offentleg avtalefesta pensjon (AFP) for dei som er fødde i 1963 eller seinare. Til forskjell frå AFP-ordninga som gjeld for dei som er fødde i 1962 eller tidlegare, er den nye AFP-ordninga ei livsvarig yting.

Det er behov for å gjere den same endringa i overskrifta og i andre leddet i § 6. Endringane har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar. Departementet foreslår at endringane tar til å gjelde straks.

Forslaga inneber ikkje noka realitetsendring, og dei har derfor ikkje vore på høyring, sidan høyring da blir rekna som «åpenbart unødvendig», jf. utgreiingsinstruksen punkt 3-3 tredje ledd tredje strekpunkt.

Sjå forslaget til endringar i lov om pensjonsordning for oppdragstaker i statlig beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem § 6.

7.2 Endring i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse

Statens pensjonskasse forvaltar avtalefesta pensjon (AFP) etter lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse. Lova gjeld AFP til arbeidstakarar i stilling som gir rett til medlemskap i Statens pensjonskasse når dette er bestemt i tariffavtale der staten er part eller i tariffavtale godkjent av departementet. Ansvaret som departementet har for å godkjenne tariffavtalar er delegert til Statens pensjonskasse.

Statens pensjonskasse har tatt opp med departementet at det er vanskeleg å føre kontroll over verksemder som har den nødvendige tariffavtalen om AFP når dei ikkje er omfatta av hovudtariffavtalen i staten. Statens pensjonskasse har også i nokre tilfelle hatt vanskar med å få aksept for kravet om tariffavtale om AFP. Verksemdene har likevel betalt AFP-premie, og medlemmene har fått utbetalt AFP, sjølv om det ikkje ligg føre ein tariffavtale om AFP.

Departementet foreslår endringar i lova som inneber at verksemder som ikkje er omfatta av hovudtariffavtalen i staten ikkje lenger treng ein eigen tariffavtale om AFP, men må ha ein avtale med Statens pensjonskasse om å ha tilsvarande AFP som etter hovudtariffavtalen i staten.

Endringane svarer til ordninga som blir praktisert i kommunal tenestepensjon. Der gjeld det ein sentral tariffavtale om AFP i KS-, Virke- og Spekterområdet for dei aller fleste arbeidstakarane, men for verksemder som ikkje er ein del av eit slikt sentralt tariffområde, kan verksemda inngå ein avtale om leveranse av AFP med den kommunale tenestepensjonsleverandøren utan at det blir stilt krav om tariffavtale. Dette var elles noko av bakgrunnen for endringane i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse som skjedde med bakgrunn i Prop. 5 L (2024–2025) kapittel 8.

Forslaga inneber ikkje noka realitetsendring, og dei har derfor ikkje vore på høyring, sidan høyring da blir rekna som «åpenbart unødvendig», jf. utgreiingsinstruksen punkt 3-3 tredje ledd tredje strekpunkt.

Sjå forslaget til endringar i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse § 2 første ledd innleiinga, § 3 første ledd, § 4 første ledd og § 7 første ledd.

8 Forholdet til internasjonale forpliktingar

Departementet har ikkje identifisert EØS-rettslege forpliktingar eller andre internasjonale forpliktingar som dei foreslåtte endringane kan komme i konflikt med.

Forslaget til endringar i folketrygdlova § 8-50 om sjukepengar til uføretrygda er vurdert opp mot Noregs forpliktingar etter konvensjonen om rettigheiter til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD), særleg artikkel 5 om likskap og ikkje-diskriminering og artikkel 27 om arbeid og sysselsetting. Departementet meiner den foreslåtte endringa i føresegna ikkje bryt med CRPD. Personar som mottar uføretrygd har ei inntektssikring frå staten. At dei ikkje skal få sjukepengar i tillegg, er ikkje diskriminering, men ein logisk konsekvens av formålet med trygda som inntektssikringssystem.

9 Merknader til dei enkelte paragrafane

9.1 Endringane i lov om folketrygd

Til § 7-3

Endringa i *tredje ledd* inneber at eigenandelen ved stønad til båretransport blir auka frå 10 til 20 prosent av full gravferdsstønad.

Sjå punkt 2.2.

Til § 8-28

Endringa i *andre ledd* er ei presisering i lova slik at det kjem fram at det ved berekninga av aktuell månadsinntekt skal bli tatt utgangspunkt i inntekt som blir rapportert til a-ordninga. Dette utgangspunktet skal likevel fråvikast dersom unntaksreglane i fjerde eller femte ledd til paragrafen skal brukast. Utgangspunktet skal også fråvikast dersom nokon av inntektstypane i folketrygdlova § 8-29 ikkje skal inngå i berekninga. For at ein inntektstype skal reknast med i sjukepengegrunnlaget etter § 8-29 må han falle bort under sjukefråværet.

Sjå punkt 3.3.

Til § 8-50

Endringa i *paragrafen* inneber at personar som får uføretrygd og som blir sjukmelde, ikkje får berekna sjukepengar for inntekt som er høgare enn fastsett inntekt etter uførleik. Endringa gjeld også for svangerskapspengar, foreldrepengar, pleiepengar, opplæringspengar og omsorgspengar frå trygda. Desse ytingane blir berekna etter same reglar som sjukepengar. Det blir gjort unntak for personar som deltar i tiltaket varig tilrettelagt arbeid.

Sjå punkt 4.4.

Til § 9-5

Endringa i *tredje ledd* inneber at Arbeids- og velferdsetaten får ei moglegheit til å tidsavgrense vedtak om utvida rett til omsorgspengar dersom det ikkje er venta at vilkåra som nemnde i § 9-5 tredje ledd andre punktum vil vere oppfylte ut det kalenderåret barnet fyller 18 år.

Sjå punkt 5.5.

Til § 9-14

Endringa i *første ledd* inneber ei justering av ordlyden i føresegna slik at han svarer til praksis i Arbeids- og velferdsetaten i dag. Vilkåret om «foreldrekurs ved et spesialpedagogisk kompetansesenter» blir endra til «anerkjent pedagogisk opplæring», som er meir treffande. I tillegg blir det tidlegare vilkåret «omsorg for» tatt inn igjen for å tydeleggjere kva som er gjeldande rett.

Sjå punkt 6.3.

9.2 Endringane i lov om pensjonsordning for oppdragstaker i beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem

Til § 6

Endringa i *overskrifta* og i *andre ledd* er ei følge av at offentleg avtalefesta pensjon (AFP) for dei som er fødde i 1963 eller seinare, er ei livsvarig yting. Ordet «tidligpensjon» blir erstatta av «avtalefestet pensjon» slik at det blir fastslått at oppdragstakarar har rett til AFP som i det statlege tariffområdet. For dei som er fødde i 1962 eller tidlegare er AFP ei tidsavgrensa yting i perioden mellom fylte 62 og 67 år.

Sjå punkt 7.1.

9.3 Endringane i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse

Til § 2

Første ledd innleiinga blir endra slik at verksemder som ikkje er omfatta av hovudtariffavtalen i staten ikkje lenger må ha ein eigen tariffavtale om avtalefesta pensjon (AFP). Det held med ein avtale om AFP med Statens pensjonskasse om tilsvarande AFP som etter hovudtariffavtalen i staten.

Sjå punkt 7.2.

Til § 3

Endringa i *første ledd første punktum* inneber at avtalefesta pensjon (AFP) skal bereknast etter reglane i hovudtariffavtalen i staten. Når det ikkje lenger er krav om tariffavtale for dei verksemdene som ikkje er omfatta av hovudtariffavtalen i staten, men berre ein avtale med Statens pensjonskasse om tilsvarande AFP som etter hovudtariffavtalen i staten, er det ikkje lenger nødvendig å vise til slike andre tariffavtalar.

Sjå punkt 7.2.

Til § 4

Endringa i *første ledd første punktum* har same grunngiving som for endringa i § 3.

Sjå punkt 7.2.

Til § 7

Endringa i *første ledd første punktum* har same grunngiving som for endringa i § 2.

Sjå punkt 7.2.

9.4 Føresegna om ikraftsetting

I del IV i forslaget til endringslov er det gitt føresegner om når lova tar til å gjelde. Det er lagt til grunn at dei endringane som berre inneber tydeleggjering av gjeldande praksis, i hovudsak tar til å gjelde straks.

Endringa av folketrygdlova § 7-3 trer i kraft 1. januar 2027 med verknad for tilfelle der dødsfallet skjer etter endringa tar til å gjelde, det vil seie ved dødsfall etter 31. desember 2026.

Endringa av folketrygdlova § 9-5 trer i kraft 1. januar 2027.

Endringa av folketrygdlova § 8-50 trer i kraft 1. april 2027 med verknad for saker som har skjeringstidspunkt frå og med tidspunktet for ikraftsetting. Endringa av folketrygdlova § 8-50 gjeld ikkje for saker etter folketrygdlova kapittel 14 når skjeringstidspunktet er før 1. oktober 2027.

For ytingar etter kapittel 8 er skjeringstidspunktet første dag med arbeidsuførleik på grunn av sjukdom eller skade. For ytingar etter kapittel 9 er skjeringstidspunktet første fråværsdag på grunn av omsorg for sjuke barn eller pleie av nærståande. For svangerskapspengar etter kapittel 14 er skjeringstidspunktet det tidspunktet som medlemmen må slutte i arbeid på grunn av graviditet, mens for foreldrepengar etter kapittel 14 er skjeringstidspunktet den dagen medlemmen begynner å ta ut foreldrepengar.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av tiltak i forslaget til statsbudsjett for 2027 m.m.).

Vi HAAKON, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av tiltak i forslaget til statsbudsjett for 2027 m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag
til lov om endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av tiltak i forslaget til statsbudsjett for 2027 m.m.)

I

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd skal desse endringane gjerast:

§ 7-3 tredje ledd skal lyde:

Stønaden skal dekke de nødvendige utgiftene med fradrag av en egenandel på *20* prosent av full gravferdsstønad.

§ 8-28 andre ledd skal lyde:

Den aktuelle månedsinntekten skal *i utgangspunktet* beregnes etter den gjennomsnittlige arbeidsinntekten som arbeidstakeren har hatt i arbeidsforholdet og som rapporteres til a-ordningen etter reglene i a-opplysningsloven i en nærmere bestemt periode før han eller hun ble arbeidsufør (beregningsperioden). *Se likevel fjerde og femte ledd.*

§ 8-50 skal lyde:

§ 8-50 *Medlemmer med uføretrygd*

Når trygden yter sykepenger til et medlem som mottar uføretrygd etter kapittel 12, kan sykepengegrunnlaget ikke overstige fastsatt inntekt etter uførhet, se § 12-9 tredje ledd.

Til et medlem som deltar i tiltaket varig tilrettelagt arbeid etter arbeidsmarkedsloven, ytes det likevel sykepenger etter bestemmelsene i kapittelet her ut fra den arbeidsinntekten som medlemmet har i tillegg til uføretrygden.

§ 9-5 tredje ledd skal lyde:

Retten til omsorgspenger gjelder til og med det kalenderåret barnet fyller 12 år. Dersom barnet er kronisk eller langvarig sykt eller funksjonshemmet, og vilkårene for utvidet rett til omsorgspenger etter § 9-6 andre ledd er oppfylt, gjelder retten til og med det *kalenderåret* barnet fyller 18 år. *Vedtak om utvidet rett til omsorgspenger kan begrenses i tid dersom vilkårene for å gi utvidet rett ikke forventes å være oppfylt til og med det kalenderåret barnet fyller 18 år.*

§ 9-14 første ledd skal lyde:

Til et medlem som *har omsorg for* et barn med en funksjonshemming eller en langvarig sykdom, ytes det opplæringspenger dersom medlemmet gjennomgår opplæring ved en godkjent helseinstitusjon eller deltar på *anerkjent pedagogisk opplæring. Det er et vilkår at opplæringen er nødvendig for at omsorgspersonen skal kunne ta seg av og behandle barnet.*

II

I lov 12. februar 2010 nr. 4 om pensjonsordning for oppdragstaker i beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem skal desse endringane gjerast:

§ 6 overskrifta skal lyde:

§ 6 *Avtalefestet pensjon*

§ 6 andre ledd skal lyde:

Departementet kan i forskrift fastsette egne vilkår om *avtalefestet pensjon* for oppdragstakere etter loven her.

III

I lov 25. juni 2010 nr. 28 om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse skal desse endringane gjerast:

§ 2 første ledd innleiinga skal lyde:

En arbeidstaker som fratrer sin stilling etter fylte 62 år, har rett til avtalefestet pensjon når dette er bestemt i tariffavtale hvor staten er part, eller i *avtale med Statens pensjonskasse om tilsvarende avtalefestet pensjon*, og arbeidstakeren

§ 3 første ledd første punktum skal lyde:

Pensjonen beregnes i samsvar med tariffavtale hvor staten er *part.*

§ 4 første ledd første punktum skal lyde:

Pensjonen reguleres i samsvar med tariffavtale hvor staten er *part.*

§ 7 første ledd første punktum skal lyde:
Kapittelet gjelder avtalefestet pensjon til arbeidstakere i stilling som gir rett til medlemskap i Statens pensjonskasse, når dette er bestemt i tariffavtale hvor staten er part eller i *avtale med Statens pensjonskasse om tilsvarende avtalefestet pensjon*.

IV

1. Lova tar til å gjelde straks.
2. Endringa av folketrygdlova § 7-3 under del I gjeld frå 1. januar 2027 med verknad for tilfelle der dødsfallet skjer etter endringa tar til å gjelde.
3. Endringa av folketrygdlova § 9-5 under del I gjeld frå 1. januar 2027.
4. Endringa av folketrygdlova § 8-50 under del I gjeld frå 1. april 2027 med verknad for saker etter folketrygdlova kapittel 8 og 9, som har skjeringstidspunkt frå og med tidspunktet endringa tar til å gjelde. Endringa av folketrygdlova § 8-50 gjeld ikkje for saker etter folketrygdlova kapittel 14 når skjeringstidspunktet er før 1. oktober 2027.



Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon